



Feil!
Ugyldig
filnavn.

AUSTRHEIM KOMMUNE

Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
07.01.2015	Emma Hjelmtveit	14/1654 - 6	

Uttale til høyring på Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 med regionalt Tiltaksprogram ref, 2014/16490

Vedlagt følger vedtak.

Vennlig hilsen
Emma Hjelmtveit
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
267/14	Formannskapet	PS	10.12.2014
157/14	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE - 121	14/1654

Uttale til høyring på Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 med regionalt Tiltaksprogram

Vedlegg:

Høyring av regional plan for vassregion Hordaland 2016

VS BKK og vanndirektivet

Tiltaksanalyse_Nordhordland_17_februar_2014_k56X3

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune synes at Vassregionutvalet sitt forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland og tilhøyrande tiltaksprogram er godt gjennomarbeidd og sluttar seg til innhaldet her. Austrheim kommune meiner at det no må koma på plass eit Nasjonalt overvakingsprogram knytt til miljøet og utsleppa i Fensfjorden. Dette må inn i den regionale planen og i overvakingsprogrammet. Austrheim kommune viser elles til innhaldet i saksutgreiinga.

Formannskapet - 267/14

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd.

FS - vedtak:

Austrheim kommune synes at Vassregionutvalet sitt forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland og tilhøyrande tiltaksprogram er godt gjennomarbeidd og sluttar seg til innhaldet her. Austrheim kommune meiner at det no må koma på plass eit Nasjonalt overvakingsprogram knytt til miljøet og utsleppa i Fensfjorden. Dette må inn i den regionale planen og i overvakingsprogrammet.

Austrheim kommune viser elles til innhaldet i saksutgreiinga.

Kommunestyret - 157/14

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommune synes at Vassregionutvalet sitt forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland og tilhøyrande tiltaksprogram er godt gjennomarbeidd og sluttar seg til innhaldet her. Austrheim kommune meiner at det no må koma på plass eit Nasjonalt overvakingsprogram knytt til miljøet og utsleppa i Fensfjorden. Dette må inn i den regionale planen og i overvakingsprogrammet. Austrheim kommune viser elles til innhaldet i saksutgreiinga.

Saksopplysninger:

I samsvar med regional planstrategi for 2010 – 2014 og vassforskrifta er det utarbeidd høyringsforslag til Regional plan for vassregion Hordaland og Tiltaksprogram for vassregion Hordaland, 2016-2021. Fylkesutvalet vedtok dette den 19.06. 2014. Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Austrheim kommune er i vassområde Nordhordland, ein av fem vassområde i Hordaland. Me kan lesa alle vedlegga på www.vannportalen.no/hordaland, men og på den nasjonale kunnskapsbasen www.vann-nett.no. Tiltak for å betre tilstanden på vatnet i Nordhordland, både i sjø og ferskvatn er viktige tema i arbeidet framover. Prosjektleiar i Nordhordland er Kjersti Isdal gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Det vart halde ope høyringsmøte for Vassområde Nordhordland på Alver Hotell den 19.11. 2014. Her deltok også sakshandsamar.

Regional plan

Den regionale planen for vassregion Hordaland set miljømål for 1803 vassførekommstar i Hordaland. Den regionale planen legg føringar for miljømåla som skal vere nådd. Planen set miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn Over halvparten av vassførekommstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for å ikkje oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining , miljøgifter og område med kosthaldsråd. For område som alt har svært god eller god økologisk tilstand vert dagens tilstand vidareført som mål for tilstand i 2021. Dette gjeld 709 vassførekommstar i Hordaland. Alle dei 971 vassførekommstane som er i risiko for å ikkje nå miljømål får i denne planen definert mål for miljøtilstanden. Overvakingsprogrammet 2016-2021 er på høyring som vedlegg til den regionale planen. Overvakingsprogrammet skal danne grunnlaget for overvakkinga av dei tiltaka ein skal gjennomføre i vassregionen i åra som kjem.

Tiltaksprogram

For å nå miljømåla er det laga eit regionalt tiltaksprogram. Tiltaka skal bidra til å sikre eller oppnå god miljøtilstandfor vassdrag, kystvatn og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for betre vassmiljø i innsjøar, vassdrag, kystvatn og grunnvatn i vassregion Hordaland. Problemkartlegging er eit vanleg tiltak. Sektormynde si sakshandsaming vil avklare og vurdere fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg vedtak. Den konkrete kost-nytte-vurderinga for kvart tiltak vil skje her før endeleg vedtak. Her vil det også leggjast vekt på andre omsyn enn dei som er vektlagt i regional plan.

Sektormynde kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

Totalt har tiltaksprogrammet i den regionale planen 912 tiltak i kystvatn, innsjøar, vassdrag og grunnvatn. Nordhordland sitt vassområde har 127 tiltak totalt. Kyst 34, Innsjø 49 og elv 57.

Handlingsprogram

I vassregion Hordaland er det ikkje laga forslag til handlingsprogram enno. Det kjem eiga sak til fylkesutvalet om handlingsprogram for vassregion Hordaland seinare.

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (Vassforskrifta) vart gjort gjeldande 01.01.2007, og gjennomfører EU sitt rammedirektiv for vatn (vassdirektivet) i norsk rett. Føremålet med vassforskrifta er å gje rammer for fastsetjing av miljømål som skal sikre ei heilskapleg ivaretaking og bruk av vassførekomstane våre. I samband med EUs vassdirektiv har det gått føre seg eit omfattande arbeid i heile landet, også i Nordhordland. Dette arbeidet har som endemål at alle vassførekomstane i Noreg skal vere i god tilstand, og at dei skal forvaltast som ein del av ein heilhetleg og omfattande regional forvaltningsplan. Tiltaksanalysen er ingen plan for tiltak som skal gjennomførast, men ei oversikt over alle moglege tiltak som ein tenker seg kan vere verksame for å råde bot med miljøbelastningane i dei enkelte vassførekomstane.

Forskrifta skal sikre at det vert utarbeidd og vedteke regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram med sikte på å oppfylle miljømåla, og samstundes sørge for at det vert skaffa naudsynt kunnskap for dette arbeidet. Dette skal gjerast for alle vassførekomstane i Noreg. Forvaltningsplanen med tiltaksprogram skal vedtakast i 2015. Vedtatt forvaltningsplan vil legge føringar for sektormyndene, og må leggast til grunn for deira planlegging og verksemd i komande planperiode jf. Vassforskrifta § 29 og Plan- og bygningslova § 8-2. Miljømåla skal i utgangspunktet bli nådd innan 2021. Om vesentlege kostnadar eller andre tungtvegande omsyn gjer det vanskeleg å nå miljømåla innan 2021, kan forvaltningsplanen utsetje fristen for å nå miljømåla til neste planperiode (2027).

Forvaltningsplan er ein samla plan for forvaltning av vassførekomstane i ei vassregion som blant anna skal angi miljømål for vassførekomstane og samanfatte tiltaksprogrammet som syner korleis miljømåla kan nås. Forvaltningsplanen er den formelle planen etter vassforskrifta som handsamast og vedtakast av Fylkestinget og godkjennast i Regjeringa. Forvaltningsplanen utarbeidast av Vassregionmynda saman med Vassregionutvalet og vedtakast som ein fylkesdelplan etter Plan- og Bygningslova. Godkjent plan skal leggast til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgjevande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen.

Forvaltningsplanen skal godkjennast innan utgangen av 2015, og deretter oppdaterast kvart sjette år (vassforskrifta § 29). Vassregionmynda skal sende utkast til forvaltningsplanen på høyring seinast eitt år før ny forvaltningsplan trer i kraft (vassforskrifta § 28).

Den minste eininga som blir handert i vassforvaltninga er ein vassførekomst. Vassforskriftas miljømål er knytta til den enkelte vassførekomst. Storleiken til ei vassførekomst bør vere slik at ho er eit fornuftig forvaltningsobjekt.

Vassforskrifta deler Noreg inn i 16 vassregionar som er dei geografiske einingane som utgjer utgangspunktet for gjennomføringa av vassforskrifta. En vassregion består av eitt eller fleire

tilstøytane nedbørssfelt med tilhøyrande grunnvatn og kystvatn. Grensene mellom vassregionar følgjer nedbørsselta, og legg dermed til rette for ei nedbørssfeltorientert vassforvaltning. Fylkeskommunen er vassregionmynde.

Den økologiske tilstanden i ei vassførekomst blir fastsett basert på overvakingsdata. Plassering av ei førekommst i svært god-, god-, moderat-, dårleg eller svært dårleg økologisk tilstand er basert på kunnskap om økologiske forhold i naturlege vassførekomster. Ei vassførekomst er i risiko dersom ho ikkje vil oppnå minst god økologisk tilstand innan 2021 utan at nye tiltak vert sett inn. Standard miljømål for elvar, innsjøar og kystvatn er **minst** god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Lågare miljømål kan fastsettast i spesielle tilfelle, etter vurdering av mellom anna samfunnsnytta som følgjer med påverknaden og kostnad med avbøtande tiltak.

Menneskeskapte tilhøve er påverknadar som kan medfører redusert tilstand i vassførekomsten. Fysisk påverknad kan vere vassdragsregulering, flomverk, forbyggingar, kanalisering, endring av elveløp, vegkulvertar, kaier og anna infrastruktur. Påverknadar kan også vere i form av ureining frå avløp, jordbruk, industri m.m. Biologisk påverknad kan vere introduserte artar, auka eksponering for lakselus grunna fiskeoppdrett og rømt oppdrettsfisk. Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua artar i vassregionen.

BKK har sendt innspel til kommunane om sitt syn i saka. Dette ligg med som eit vedlegg til saka, datert 16.10.2014.

Vurdering:

Rådmannen vil peika på at overvakingsprogrammet peikar på kva vassforekomstar ein må undersøke nærmare for finne ut om tiltak er naudsynt for å nå måla i vassforskrifta. Det listar også opp den foreslalte basisovervakinga i vassregionen og freistar å gi eit mest mogleg komplett oversyn over påleggsovervaking og frivillig overvaking i vassforekomstane i vassregionen. I dag er det ein del verksemder i fleire kommunar som grensar opp til Fensfjorden som slepp ut ulike typer miljøfarlege stoff. Rådmannen synes at det må koma eit nasjonalt overvakingsprogram knytt til det marine miljøet og utsleppa i Fensfjorden. Dette må inn i den regionale planen og i overvakingsprogrammet.

Rådmannen vil peike på at innspelet i skriv frå BKK til eigarkommunanen er noko BKK direkte må spela inn til Hordaland Fylkeskommune i samband med høyringa. Rådmannen meiner at det ikkje er naturleg for Austrheim kommune som eigar å uttala seg på vegne av BKK i denne saka, då det dei tek opp i sitt skriv til oss er komplekse problemstilingar som dei kommunane og innbyggjarane som er direkte berørt av vasskraftutbygginga heller bør utale seg på.

Rådmannen ser at i Vassområde Nordhordland og i Austrheim kommune er det utfordringar knytt til ureining frå spreidde utslepp frå hus og hytter. Er det ein del stadar direkte utslepp til elv, innsjø eller sjø, infiltrasjon i stadeigne masser eller i sandfiltergrøfter. Landbruket sin drift her fører og til ureining ein del stadar til vassdrag og sjøområde. Det er tilførsel av næringsstoff og organisk materiale frå jordavrenning og rundballar som normalt utgjer den største landbrukspåverknaden. Også omfattande beitebruk kan føra til erosjon og jordsvinn nokre stadar, der næringsstoff kjem til

våre vassdrag. Rådmannen vil peike på at det er mange vassdrag med blågrønalgeoppblomstring i Austrheim kommune. Desse finn me i Solenvatnet, Åråsvatnet og vatna i Fonnesvassdraget.

I indre delar av Nordhordland har vasskrafta ein stor påverknad. Dette er kome med i planarbeidet på ein god måte. Det er viktig at desse problemstillingane vert teke opp i samband med EU sitt vassdirektiv.

Rådmannen vil peike på at det er føreslått tiltaksovervaking og problemkartlegging i vassområde Nordhordland på 112 stadar. Dette er fordelt på elv, innsjø og kystvatn. Rådmannen vil og peike på at planarbeidet har vist at det nasjonalt er behov for nye verkemidlar knytt til følgjande område:

1. Auka midlar og heimel for opprydding av miljøgifter
2. Verkemidlar i landbruket
3. Forenkla innføring av standard naturforvaltingsvilkår for konsesjonar
4. Nasjonal satsingsplan på vassforvaltning

Rådmannen meiner at planarbeidet byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag og at planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen. Rådmannen synes elles at Vassregionutvalet sitt forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland og tilhøyrande tiltaksprogram er godt gjennomarbeidd og sluttar seg til innhaldet her.

Konklusjon:

Austrheim kommune synes at Vassregionutvalet sitt forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland og tilhøyrande tiltaksprogram er godt gjennomarbeidd og sluttar seg til innhaldet her. Austrheim kommune meiner at det no må koma på plass eit Nasjonalt overvakingsprogram knytt til miljøet og utsleppa i Fensfjorden. Dette må inn i den regionale planen og i overvakingsprogrammet.